



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 02.04.2019
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 15.30 – 17.45

Møtte: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Roald Aga Haug, Irene Heng Lauvsnes, Marthe Hammer, Morten Midlang, Arnstein Menes, Arne Bergsvåg

Forfall:

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø og Trude L. Rinaldo

Agenda 02.04.19: Kl. 15.30 – 17.45 Sakshandsaming
--

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 10/19 Meldingar
Det var ingen meldingar framlagde.

Sak 11/19 Årsmøtet – Praktisk gjennomgang
Dagleg leiar orienterte om plan for gjennomføring av årsmøtet.
I gjennomgangen av årsmelding og rekneskap vert årsmøtet bedne om å koma med kommentarar knytta til kvar side i rapportane.

Styret drøfta forslag til nye valnemnd. Det har ikkje vore utskifting i valnemnda på fleire år og styret meiner det no må veljast inn nye medlemmer i denne nemnda.

Årsmøtet vil verta gjennomført i samsvar med utsendt sakliste.
Signert årsmelding og rekneskap vert lagt fram for årsmøtet.

Sak 12/19 Årskonferansen – Orientering/siste førebuing
Hanne Sundbø la fram revidert program og orienterte om detaljplanlegginga og førebuinga saman med møteleiar Heidi T Ryste.

Det er fleire forfall som er komne inn tett innpå konferansen, men Hanne har avklara alternative innleiarar for samtlege. Ingen postar eller innlegg utgår.

Det synest å vera bra kontroll på gjennomføringsplanen for konferansen.
Hanne har gjort ein svært god jobb med å få sett saman programmet.

Sak 13/19**Tiltaksplanar**

Styret drøfta framlagd tiltaksplan.

Særleg pkt. 2.6 Lokale media: aktiv oppfølging i høve eigne tiltak(konferanse, møter, uttalar) vart drøfta.

denne

Sett i forhold til dei ressursar som Fjordvegen Rute 13 har til disposisjon er

tiltaksplanen svært ambisiøs. For å kunne følgja denne opp er det avgjerande at både administrasjon og styret er aktive i sine roller.

Den viktigaste saka no er arbeidet med å utforma uttale vedr. Nasjonal rassikringsplan inn i NTP. Fjordvegen Rute 13 må støtta opp under Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om at nasjonal rassikringsplan må gjevast prioritet i NTP, gjerne som eit overordna vedtak der 5% av NTP-ramma vert øyremerka rassikring og at alle andre prosjekt, store og mindre vert prioriterte innanfor den resterande 95%-andelen av ramma.

Sak 14/19**Fast Post:**

Gjennomgang av status for Rv13

Denne posten vart utsett til neste styremøte

Jostein Eitrheim
Referent